



## Nytt helse- og velferdssenter – Plan og framdrift for byggeprosjektet

Vestnes kommune har over fleire år arbeidd med planar for å fornye og evt etablere nye omsorgs- og institusjonsplassar i kommunen. Frå juni 2016 fekk vi hjelp frå prosjektleiarfirmaet WSP, SINTEF Helse og SINTEF Byggforsk. Desse gav råd til kommunen i utgreiinga av korleis dagens sjukeheim og trygdeheim kan bli erstatta med eit nytt bygg.


Leiarar, fagansvarlege og tilsette i mange ulike avdelingar i kommunens organisasjon deltok i arbeidet. Det same gjorde tillitsvalde og representantar frå brukarorganisasjonane. Med bakgrunn i dette arbeidet konkluderte kommunestyret i desember 2016 med at det ville vere i tråd med målsettingane i lokale og nasjonale planar å erstatte dagens sjukeheim med eit helse- og velferdssenter som inneheld både sjukeheimplassar, omsorgsbustader, base for heimetenestene, legesenteret, biblioteket og ein kafè.

Vi har i dette arbeidet hatt stort fokus på helse- og omsorgsdepartementet sine retningslinjer for korleis helse og omsorgstenestene må omstille verksemda si for å kunne yte gode tenester til innbyggerane i åra framover.

Kommunestyret har gjennom fleire vedtak gitt tilslutning til dette. Samstundes med at byggeprosjektet pågår skal det gjennomførast eit organisasjonsutviklingsprosjekt innan helse og omsorg. Vi ønskjer å legge til rette for framtidsretta løysingar, som t.d. velferdsteknologi.

I august 2017 vart forprosjektet starta opp. Prosjektleiarfirmaet WSP skal bistå kommunen med overordna prosjektleiing av heile byggeprosjektet.

### Byggeprosjektet blir gjennomført i faser





### **1: Kvalitetssikre løysinga for det nye helse- og velferdssenteret.**

I denne fasen føregår ei detaljplanlegging. Dette gjeld særleg romprogrammet og korleis dei ulike funksjonane i bygget skal plasserast i forhold til kvarandre. Kvalitetssikringa blir gjort ilag med leiarar og tilsette i kommunen, samt tillitsvalde, representantar for brukarorganisasjonar , representantar frå eldrerådet, rådet for funksjonshemma og ungdomsrådet.

Dette arbeidet er planlagt avslutta i desember 2017

### **2: Lyse ut ein konkurranse for å velje entreprenør, arkitekt og rådgjevarar som skal teikne og planlegge det nye bygget.**

I samband med dette vil kommunen først invitere fleire entreprenørar til eit møte, ein dialogkonferanse, der kommunen presenterer sine tankar og gir føringar for det nye bygget. Entreprenøren skal i samarbeid med arkitekt levere eit løysingsforslag med bakgrunn i ein tilsendt kravspesifikasjon. Dei som skal konkurrere om å få sette opp bygget skal først teikne bygget. Forslaga skal så vurderast av ei jury. Det er viktig at løysinga følgjer dei prinsippa som kommunen har utforma for helse- og velferdssenteret. Juryen får mynde til å bestemme kva forslag som blir valt. Juryen skal vere samansett av politikarar og administrative representantar frå Vestnes, samt uavhengige arkitektur utpeika av WSP Norge. Den valde løysinga vil så bli presentert i eit møte for kommunestyret. Dette møtet blir avvikla som eit folkemøte.

Denne konkurransen er planlagt avslutta i juni 2018

### **3: Planlegge og prosjektere det nye bygget.**

Dette er eit omfattande arbeid som skal gjerast i ein såkalla samspelprosess. Det blir etablert ein workshop for tilsette, leiarar og brukarrepresentantar. Deretter blir det etablert arbeidsgrupper som ser på tekniske løysingar, materialval, løysingar for energi og miljø, utforming av dei ulike romma i bygget mv. Representantar for både tilsette og brukarar vil delta i denne samspelprosessen. Ein del av dette arbeidet handlar også om å sjå på korleis naboane til det nye bygget blir påverka når sjølve bygginga startar opp, og finne løysingar på dette. Kommunestyret skal så godkjenne endeleg kostnadsramme.

Dette arbeidet er planlagt avslutta i desember 2018.



Vestnes kommune

#### **4: Bygge helse og velferdssenteret.**

Entreprenøren lagar sin eigen byggeorganisasjon og gjennomfører alt som er blitt teikna og beskreve. Administrasjonssjefen v/ WSP vil følge opp at arbeidet skjer i samsvar med det kommunen har bestilt. Undervegs vil både tilsette og brukarane sine representantar bli orientert om framdrifta og vil også bli invitert til arbeidsmøte der dette er nødvendig.

Evt endringar som inneber endringar eller auka kostnader må godkjennast av formannskapet

Bygget er planlagt å stå ferdig i oktober 2020, slik at innflytting kan skje i desember 2020, evt januar 2021.

Prosjektstyret består av administrasjonssjef Tone Roaldsnes, kommunalsjefane Magne Værholm og Greta Bjerke, einingsleiar Mona Janne Johansen, samt WSP si prosjektleiing. Prosjektstyret møtast fast èin gong i månaden. Kommunen sine deltakarar i prosjektstyret har arbeidsmøte etter behov mellom møta i prosjektstyret.

Utvida prosjektstyre betyr at alle leiarar for dei funksjonane som skal ha tilhald i bygget møter dei andre i prosjektstyret. Dette er leiarane for legesenteret, biblioteket, sjukeheimen og heimetenesene. Her møter også repr. for tillitsvalde og hovudverneombod.

**For Vestnes kommune**

**Tone Roaldsnes**

**Administrasjonssjef**

Plan for bygging av nytt helse og velferdsenter